

Dato: Nordfjord 10.07.2019
Vår ref: 19031
Dykkar ref:

Varsel om oppstart – Detaljregulering for Rovde Industripark

Nordplan vil i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varsle oppstart av arbeid med detaljregulering for Rovde Industripark. Rovde Industripark AS er tiltakshavar, og Nordplan AS er utførande konsulent. Oppstart er annonsert i avisa Synste 11.07.2019. Informasjon om planarbeidet vert også å finne på Nordplan og Vanylven kommune sine nettsider, www.nordplan.no og www.vanylven.kommune.no. Registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet samt naboar til planområdet, vert med dette varsla direkte.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette eit større areal for næring. For å oppnå dette er det ønskjeleg å fjerne ein god del masse i frå området, slik at ein får planert ut ei stor og god tomt til formålet. I samband med fjerning av masser ønskjer ein også å finne løysingar for deponering av overmasse innanfor plangrensa. I tillegg skal det sjåast på alternativ tilkomst til området frå hovudvegen.

Tiltakshavar planlegg for næring som treng tilknytning til sjø. Akvakultur, produksjon/lagring av flytebrygger osv. er eksempel på dette. Det er på noverande tidspunkt ikkje avklart kva ein treng å sette opp av bygg på området, men ein legg opp til ein plan med høg utnyttingsgrad for å gje fleksibilitet og handlingsrom i utviklinga av området.

Lokalisering

Planområdet ligg mellom Øykjeneset og Korsfura like aust for Rovde sentrum.



Oversiktskart over Vanylven der planområdet er markert med blå sirkel og raud pil oppe til høgre i bildet. Utklipp frå www.fylkesatlas.no.




Kart over Rovde sentrum midt i bildet. Raud pil i aust viser planområdet. Utklipp frå www.fylkesatlas.no.



Kartet viser flyfoto av Rovde Industripark aust for Rovde sentrum. Raude linjer er eigedomsgrenser. Planområdet er omfatta av gbnr. 106/1, 2, 4, 8, 10 og 107/4. Utklipp frå www.fylkesatlas.no.

Tilhøvet til overordna planar (kommuneplan)

Felt E48 på kartet under er gjennom kommuneplanen sin arealdel lagt ut som framtidig næringsareal. Felt E4 er dagens næringsareal. Tiltaket planen legg til rette for omfattar areal innanfor begge desse felta. Ein liten del av LNF-område på Sundnesneset som strekk seg inn i planområdet langs svingen på FV 652 er også inkludert. Gjennom foreslått plangrense følgjer ein i det store og det heile opp kommunale føringar for arealbruken i området og er soleis i tråd med kommuneplanen sin arealdel.



Utklipp frå kommuneplanen sin arealdel (www.vanylven.kommune.no). Lilla felt er areal avsett til næringsverksemd.

Føresegnene seier følgjande om næringsareal innanfor felt E1 og E48:

Innanfor områda Korsfura E1, E48, Vedeld E2, E49 (berre akvakultur), Knardal E3, Eidså E13-E14, Åram E20, Klovningen E55 (berre fiskeri), Sighaug E28, Krokenes E51 (berre fiskeri) og Åheim E42, E52 er det berre høve til å etablere verksemd der det er naudsynt med tilflot eller annan tilgang til sjø.

Utklipp frå Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

I områda Korsfura E1, E48, Hånes E5, Syvdsnes E6, Røda E8, Takset E12, Nystøyl E22, Klovningen E23, Flugevågen E27, Sighaug E28, Nordstranda E50, E54, Åheim E42 og Skorge E46 er det ikkje høve til etablering av handelsverksemd.


Utklipp frå Føresegnene til kommuneplanen sin arealdel.

Tilgrensande planar

Det finns ingen andre kjende tilgrensande reguleringsplanar eller pågåande planarbeid i eller rundt området i dag.

Planavgrensing

Annonsert plangrense er etter ei samla vurdering vurdert til å omfatte alt areal som i kommuneplanen sin arealdel er regulert til næring og framtidig næring (E1 og E48). Dette inkluderer gbnr. 106/1, 2, 4, 8, 10 og 107/4. Planområdet har eit areal på om lag 252 daa. Ein vil etter at innspelsfristen går ut vurdere plangrensa på nytt med grunnlag i dei skriftlege innspela som vert mottekne.



Utklipp av plangrensa for området. Nordplan AS.

Forskrift om konsekvensutredninger (KU-forskrifta)

Saka er vurdert etter KU-forskrifta. Med føresetnad om at dei føremåla ein legg opp til er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, ser ein ikkje at planarbeidet vil vere omfatta av forskrifta. Det er av møtepartane i oppstartsmøte vurdert at konsekvensane av tiltaket vert tilfredsstillande vurdert gjennom ordinær planomtale og ROS analyse.

Planen vert dermed ikkje utarbeidd under vilkåra for konsekvensutgreiing og planprogram, jf. pbl. § 4-1.

Emne med særskilt fokus i planarbeidet

- Det skal gjerast ei overordna vurdering av området sine risiko- og sårbarheitsforhold (ROS-analyse). Delar av gbnr. 106/1 ligg innanfor aktsemdsone for skred.
- Fjern- og nærverknader
- VAO
- Landskap
- Strandsone
- Tilkomst frå hovudvegen
- Internt deponi for overmasse
- Landbruk

Innspel til planarbeidet

Det er høve til å kome med innspel/merknader til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette handsama av Vanylven kommune med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Merknader eller innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- på e-post til: abr@nordplan.no
- ev. i brev til Nordplan AS, Postboks 224, 6770 Nordfjordeid.

med kopi til Vanylven kommune:

- på e-post til: postmottak@vanylven.kommune.no
- ev. i brev til Rådhuset, 6143 Fiskå.

Frist for innspel er sett til 30.08.2019

Med helsing
for Nordplan AS



Arild Rindal
Arealplanleggar

Mottakarar

Lokale høyringspartar:

Namn	Gnr./Bnr.
Anette Velsvik Jørgensen	106/1, 2
Kai-Herman Jørgensen	106/1
Rovde Industripark AS	106/4
Vanylven kommune	106/8
Møre og Romsdal fylkeskommune	106/9
Statens Vegvesen Region Midt	106/9
Knut Petter Velsvik	106/10
Per Karl Sundnes	107/1
Ole Rasmus B. Sundnes	107/2
Dagrunn Telseth	107/3
Jan Steinar Sundnes	107/4
Møre og Romsdal Fylkeskommune	107/35
Statens Vegvesen Region Midt	107/35

Offentlege høyringspartar:

Namn	Adresse	Postnr/Stad	E-post
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Julsundveien 9, PB 2520	6404 Molde	fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Møre og Romsdal fylkeskommune	Julsundveien 9	6412 Molde	post@mrfylke.no
Vanylven kommune	Rådhusvegen	6143 Fiskå	postmottak@vanylven.kommune.no
Statens Vegvesen Region Midt	Julsundveien 9, Pb. 2525	6404 Molde	firmapost-midt@vegvesen.no
NVE Region Vest	Naustdalsvegen 1B	6800 Førde	rv@nve.no
Mørenett AS	Industrivegen 6	6080 Gurskøy	